





## Bondeungdomslaget

*„Eit ljós som ei tok ende  
med Jesus han oss sende,  
eit ljós med livsens glans!“*



**E**g synger jolekvad,  
Eg er so glad, so glad!  
Eg ser min Jesus kvila,  
Som barn i ringe kår,  
På moderfanget smila  
Som soli varm og klår,  
Han er Frelsar min!

Kom, vesle barn, til meg,  
Eg lengtar etter deg!  
Kom, du som sorg kann linna,  
Stig inn um her er smått,  
Lat meg deg sjå å finna,  
Då fær eg det so godt!  
Drag meg etter deg!



- LAGSBLAD -

Nr. 6-7-8

November—desember 1937

20 året

## Stevleiken vår.

For ei tid sidan vart Bondeungdomslaget oppmoda um å taka på seg eit ungdomsprogram i Kringkastinga her frå Stavanger. Ein sa seg viljug til prøva. Og fyrebuingar vart sett i gang med ein gong. Millom anna fekk Otto Hiim den oppgåva å skriva ein stevleik som det var tanken å føra fram ved det høvet. — Etter kvart som tida gjekk vart ein vis med at heile oppmodinga berre botna i eit mistak frå avdelinga her i byen.

Det var leidt for dei som hadde havt

arbeid med fyrebuingane. Men det er som dei segjer: Inkje er so gale at det ikkje er godt for noko. Me fekk oss då ein stevleik! På det siste opne møte vart leiken framført. Sjølv sagt ikkje i den form han hadde fått i Kringkastinga skuld lite og inkje øving.

Me tek stevleiken til Hiim inn i lagsbladet. So kann kvar med seg døma. Me tenkjer dei fleste skal koma til at ein har høyrte ringare ting i Kringkastinga — til og med frå Oslo — —.

## Gamle stev. Alle syng.

*I B.u.l me balar på beste måte  
i sed og talar i song og låte  
å byggja upp etter gamal sed  
å rydja upp for den nye led.*

*So mang ei meining me då må møta  
forutan einning vil alle bøta  
og kvar og ein vil dei vera best  
til norsken rein i vårt folk få fest.*

*No stevjeleiken skal skilja synet,  
— må ordi kveikja og slå som lynet —  
kvart stev de smida som skalden stor,  
no spinnesida får fyrste ord.*

### Aka på isen håle. Gjentone.

*Alle so skal dei segja, at kvinna, av i dag  
kann ikkje mykje greida i våre store lag,  
men me trur radt det spøkjer for laget vårt i dag,  
um ikkje rygg me krøkjer i B.u.l sitt saumarlag.*

*Kvinna skal landet bera i fred og semja fram,  
trøysta på livsens ferda, som berre kvinna kann.  
Gleda ein sjuk med blomar, få solskin i livsens jag,  
då når me det me vonar i B.ul. sitt blomelag.*

### Gamle stev. Gutane.

*Med andremål mun me mannfolk mæla,      For skrøyt er kvinna si sterke sida,  
båd' tråd og nål har vår likesæla,            si meining spinna ho i det vida,  
nei mot i bringa og tanken kvass            men skal der takast eit skippertak  
skal Norig svinga til heiderplass.            so må ein hava oss mannfolk bak.*

### Aka på isen håle. Gjentone.

*Kvinna no fram seg trengjer forutan hogg og slag,  
vantru og fordom sprengjer, med mannen held ho lag.  
Me kjem i stell og styre, i idrott, kvar de vil,  
ja alt me set oss fyre, det får me oftast til.*

### Alle.

*Samde me då kann vera, at skal vårt lag gå fram,  
gjenta og gut må bera isaman best dei kann,  
i stev no vil me nappast um kven gjer mest idag  
av alle dei som kappast i våre skilde lag.*

### Åsmund Fregdegjeve. Leikarringen.

*Lett og lystig leikarringen svingar i sviikt med songen  
takti traust å trøda er tingen, som gasta guten hin gongen  
dei på dansen dømdest.*

*Gode gamle gløynde kvede feste i folk skal finne,  
då i dansen den dulde gleda ved visa visst skal du vinna.  
— Leiken lagar livet. —*

### Nye stev. Songarlaget.

*Men skulde songen til leiken tagna,            So syng i saman, lat tonen klinga,  
me tenkjer trongen var slutt til fagnad.      i fest og gaman frå unge bringa,  
Kva var vel B.ul. utan songarlag?            i songen finn ein det rette ord,  
Jau, det var null utan oss i dag.            gå difor inn i vårt blanda kor!*

## Spellaget.

*Ja skulde skrøyt gjeva laget sæla,  
me slapp gå trøytt og på tilet spela,  
men sant å segja, so står det slik:  
um me sku tegja, B.ul. vart kje rik.*

*For fulle benkjer, til folkefagnad  
me kunsten skjenkjer i allslag lagnad,  
ja tenk i bilet so har me ry  
som faste tilet i denne by.*

## Stovestyret.

*No har de fløyten so lenge kinna,  
at etter skrøytet ein smør sku finna.  
Men me skal lova de finn kje smør  
fjrr innfor Matstova vår si dør.*

*Her kann de glejsa og i dykk gafla  
på heilnorsk lefsa og nysteikt vafla.  
Kva er vel kroppen forutan mat?  
trass ånd i toppen og tull og prat.*

## Barnelaget.

*For storebror har me sakte age,  
men spira gror no i barnelaget.  
De rår for samtidi sine kår,  
men heile framtidi den er vår.*

*Når flag for fedrane ned me fira  
skal lag og tankar på nyom spira  
ved kraft frå oss i den unge vår  
som sevjesaft stiga frisk og klår.*

## Alle.

*Ja slik me balar på beste måte  
i sed og talar i song og låte.  
Men best det smakar no likevel  
med festleg møte kvar torsdagskveld.*

## Nynorsk jolehefte.

Kvart år kjem det ei mengd jolehefte. Det vil visseleg ikkje slå feil i år heller, ser det ut til.

Det er sovisst ikkje rare greidone mykje av det som gjev seg ut for jolehefte. Det er likevel mange gode og, so det er nok å velja millom for dei som likar sovoren lesnad.

For oss lagsfolket i B.ul. skulde det vera ein sjølvsgd ting berre å kjøpa nynorske jolehefte. Men vert dei i færraste laget, må likevel alle målfolk ha eitt greidt for seg: Berre kjøpa

slike hefte som har høveleg mange nynorske stykke! Dei jolehefta som det verkeleg er *noko med* her i landet stettar dette kravet. So ein lid ikkje nokor naud um ein viser dei hine frå seg. —

Dei som gjev ut jolehefte, og ventar seg stønad frå heile folket, bør etter kvart ha det klårt for seg at me lever i eit land med tvo jamstelte mål.

Difor lagsfolk! Treng de andre enn nynorske jolehefte, so sjå etter at minst halvparten av teksta er på norsk mål!

# Stor spelkveld i Bondeungdomslaget.

Ærlegdom fyrst og fremst. Me *venta* oss noko av det nye stykket som skulde koma til marknaden. Spelet har fyrr vore framført på teater med fin kritikk, forfattaren sette sjølv stykket i scene og spelarane var dei beste spellaget kunde nå i. — Alt låg vel til rettes. So nær so *tida*. — Den var for stutt! *Trudde* ein då. —

I «Gamlefrøkna på Sele» fortel *Torvald Tu* um den litt til års komne Torborg som rår og rikjer på storgarden Sele. Den store kjærleiken var komen til henne og ein gong. Men kjærasten døydde frå henne, og soleis vert ho gåande einsleg gjennom livet. Ho lever på gilde minne, er god mot deim som strevar tungt og har lite og ser elles ein liten sport i å halda sleiske skyldfolk og hækne ervingar på fråstand.

Då *me* vert kjende med Torborg Sele er ho vonlaus sjuk vorten. Skyldfolket har brått fått det slik på seg å lydast um gamlefrøkna. Dei krinsar rundt henne i eit slag kombinert gravøls- og ervestemming. Men gamlefrøkna har andre utrekningar. — Det fell som ei bombe på alle då ho bed drengen sin, Olav, gjera henne den tenesta å gifta seg med den daudedømde Torborg Sele. Ho vil han skal erva garden etter seg, og dette «proforma-giftarmålet» er den beste måten ho tykkjest sakene kann greidast

på. Og drengen samtykkjer. Han veit lite kva som skal koma. — — Torborg frisknar til att. Og tragedia mognast litt etter kvart då ho varest at ho *elskar* den minst 25 år yngre mannen sin. Samstundes er Olav — sjølv sagt, hadde eg so nær sagt — blitt glad i den unge, vene sjukesystra *Helga Bore*, som stelte Torborg då ho var sjuk.

Me får høyra mange sanningsord frå denne trikanten fyrr Torborg Sele til slutt resignerar og løyser denne knuten og sjølv.

«Gamlefrøkna på Sele» er visseleg noko av det beste Torvald Tu har skrivne. Det er meir enn gjøn og moro. Det er eit *emne* som vert dryft.

Dette spelstykket er på ei vis noko helt nytt på tilet vårt. På fleire måtar. Det var velsigna å sjå nye andlet på scéna. Ikkje minder velgjerande var det for ein gong skuld å koma burt frå dette ævelege fatigmannsmiljøet me er so vane med: gamle klæde og fillor, halvrotne bord og benker og snaude vegger — stort set ein karikatur av bondestovor. Denne gongen var det verkeleg koseleg på tilet — med portierar, bokskap (med *bøker* i) og til og med ein stol med *høg* rygg!

Og personane var jamvel pent klædde. Me var i eit nytt miljø. Og so det viktugaste av alt: *scenemålet!* Det er fyrste gongen eg for min part har høyrt at det har vorte lagt arbeid på talemålet på scéna. Og resultatet var fint! No høyrer me skilnaden. Skal tru um ikkje sanninga skulde gå upp for nokon kvar heretter.

Det er fru *Egelandsdal* som spelar «Gamlefrøkenen» på Sele. Eg går ingen av dei andre for nær når eg segjer at det er den beste prestasjonen eg har set på speltilet i Bondeungdomslaget. Det er makt og mynde yver spelet, og den heilstøypte målføringa strikar berre under kva menneske Torborg Sele er.

*Marie Joachimsen* høver framifrå i rolla som fyrstegjenta på Sele. Frk. Joachimsen veit alltid å *finna på* noko på scena. Og det gjer spelet so naturleg. Det ser so endefram og sjølv sagt ut når det vert gjort, men det skal likevel ein viss «teft» til å få det til.

Sjukesystra Helga er i gode hender hjå *Margit Hatleskog*. Ho tek seg storveges ut og målber seg fint. Likevel trur eg litt meir liv i spelet vilde gjort seg endå betre. Eit andlet kann godt tolka både sorg og sår elsk fordi um det smiler ein kvan gongen. Kann henda *helst* då.

Drengen, Olav, er so visst ikkje nokor lett rolla. Men so er det den inspirasjonen då. — — Og *Harald Takle* kjem sværande godt frå det! Skal noko nemnast laut det vera at Takle mest er *for* sterk. Det er sjølv sagt eit stort pluss for ein husbondsdrøng og elskar å vera i fin form. Men Takle går næstan som ein utbrjotarkonge på scena. Og det tek seg ikkje alltid godt ut på so lite tile.

*Rakel Espedal* hadde ein stor kveld som ei av skyldfolket frå «Myrland i Varhaug». — Frk. Espedal står beint fram i ei klasse for seg! Det er ikkje berre spelet som er utifrå. *Typen* er

og makelaus god. Og påklædnaden likeeins. Høge snørestyklar *må* gjera seg godt i 1937.

Mikkal og Magda Orre vert spela av *Alf Edv. Selvik* og *Ragnhild Århus*. Eg kann ikkje hugsa at Selvik har vore gamal mann fyrr. Men han spelar svært godt og hadde attåt laga ein festleg maske. Ragnhild Århus har aldri vore på dei «skrå bredder» fyrr. Men ingen skulde sagt det. Ho verka både trygg og stø, og tala som ei bok, gjorde ho. Eg spår henne ei stor framtid på den faste scena i B.ul.

Gamle-Lena, ei gamal — sume tider tunghøyrtd kona — vert spela av *Nelly Husebø*. Det er i grunnen den minst takksame rolla. Gamle-Lena har i røynda ikkje onnor oppgåva i stykket enn å syna at Torborg Sele har eit godt hjartelag for dei ho liker.

Frk. Husebø spelar godt. Men det kann høyrast ut til at nynorsken i all si bragd har litt vandt med å koma heilt til sin rett i det «Hundvågske». — Og det er ille.

«Gamlefrøkna på Sele» ber verkeleg bod um at spellaget vårt har krefter til å nå lenger enn fyrr. Og for underskrivne var det ein fest — når det ein gong skulde timast meg å kritisera på fritt grunnlag — at det vart eit spelstykke som ruver høgare enn dei fleste nye me er vane å sjå.

J. H.

*Hugnadsam jol*

*og Godt nytt år*

ynskjer me alle lagsfolk!

*Bladst.*

## Norsk marknad 1937.

Det gjekk som me tenkte: Marknaden i år gjekk ikkje or vegen for nokon av dei fyrre tilskipingane av same slag. Gildt med folk møtte fram, lagsfolket selde bra med luter, medan skjotebana og lukkegogner av umse slag gjordet sitt til at marknaden gjekk ut med betre resultat enn ein hadde våga vona. Budgettet vart nemleg nådd — og vel so det.

Marknaden tok so smått til sundag 24 oktober. Det var dei siste leivningane av «*Lars Anders og Jan Anders*» som skulde pinast ut. Som ventande var kom det lite folk, og innkoma vart der etter. *Torvald Tu*, upplesaren, laut diverre taka til takke med same auditoriet.

Men tysdagen — marknadkvelden — bar det onnorleis i veg! Fleire folk har det snaudt vore i salen nokor sinne! Det var stuvende fullt alle stader, nede og på galleriet. Det var som ein vittig tusan sa: «Skal her gå fleire inn no, lyt ein leggja dei flate.» Ei mengd folk laut gå heimatt. — «Det va storarta», sa formannen i marknadnemnda, *Th. Nesvik*.

Det nye spelstykket «*Gamlefrøkna på Sele*» hadde premiere, må vita. So det var berre å venta at folk strøymde til.

Me vil elles ha sagt at nettoen på marknaden kunde vore endå større um det nye stykket hadde vorte spela sundagskvelden og. Diverre kunde ikkje sovore lata seg gjera denne gongen. Av praktiske grunnar. — Men det vart ein lærepenge til neste år.

Onsdagskvelden gjekk «*Gamlefrøkna*» yver tilet andre gongen til gleda og gaman for alle som såg på henne.

Torsdag 28 var meir som ein lagskveld. Det var leik, fritt tilgjenge og kveldsutluting heile kvelden.

Um sundagen lykta marknaden med tale av kand. theol. *Skiftun*, solosong av *Åge Egeland*, opplesing av frk. *Tjensvold*, heimelaga kakor av *sau-marlaget*, leik av kven som vilde og so — utluting.

Det var stor stemning i salen, hasard på kulespela, høge odds på skjotebana og tome pengepungar på heimvegen.

Til slutt fekk *Marie Sekse* og *Liva Austvoll* kvar sin blom for framifrå lutsal, og formannen vår takka so heile marknadnemnda for gjævt arbeid.

Det var berre ei meining på heimvegen: Ei sovoren marknadnemnd skifter ein ikkje ut i snøggvenda! — Men samrøystes attvald til neste gong.

## Norsk kveld i tysk kringkasting.

Den tyske kringkastinga gjorde stor æra på landet vårt onsdag 8 desember. Frå Leipzig vart det nemleg sendt ut eit tvo timars langt program som heitte: «Noreg. Landet med fjordar og djupe dalar». Docent *Erich Trummer* — som mange av oss kjenner so godt frå i sumar då han sette i scene eventyrspellet «*Tyrihans*» — hadde



skipa til manuskriptet. Storparten av programmet var ikkje noko minder enn ei storlagd hylling til den frilynde ungdomsrørsla.

Det tok til med ein fest i et ungdomslag: Med song, tale av ein eldre mann, «Ivar Elvestad», ei gjenta las upp og eit songarlag song. Alt saman norske songar og visor umsette til tysk. Det var beint fram underleg å høyra «Gud signe vårt dyre fedreland» på den måten. — Etterpå var det folkeviseleik og dans. Inn i mellom skifte det med det gildaste ein kann høyra av norsk musikk, spela av eit symfoniorkester.

Ja, hadde ein havt *slike* krefter å velja mellom! Då hadde det vore uvandt um å driva ungdomsarbeid kring i landet.

Me tykkjer det er på sin plass å senda ei takk til hr. Trummler for det framifrå manuskriptet han hadde laga. Det var kløkkande for oss å høyra på. Og det var ein reklame for det arbeidet me driv i dei frilynde ungdomslaga som venteleg aldri fyrr har kome fram nokon stad. Heller ikkje i vårt eige land. Sjølv sagt, hadde me so nær sagt. —

Det syner korleis ein *utlending* verdset den rørsla som storhopen av det som nemner seg intelligens her i landet ikkje idest ofra ein *tanke* ein gong. —

Takk og æra til Erich Trummler for det gjæve tiltaket! Og takk til tysk rikskringkasting for at den gav plass til eit so rikt program um landet vårt.

## Til lagsfolket.

Dette spyrjeskjema frå Noregs ungdomslag vil me be lagsfolket sjå godt på. Det er visseleg ein framifrå idé å få alle lagslemene i tale på denne måten. Og me vil so sterkt me kann telja alle til å sende inn svar. Det er ikkje tvil um at fekk dei som set i lagsstyra frametter meir rettleiding um kva den einskilde lagsgjenta eller -guten ynskte, kunde lagsarbeidet ofte verta både mykje meir skiftande og meir forvitneleg.

Etter deira utsegner som var på lagsleidarskeidet på Kleppe kann det rett nok høyrast ut til at arbeidet i vårt lag vert drive burt i mot ideelt. Og det skal me vera glade for dersom det er so. Likevel skal me freista gjera mest råd er ut av det. Ingen ting er fullkome, må vita.

Difor lagsfolk! Send inn svara Dykkar til skrivaren snarast råd er og seinast innan 15 januar 1938.

### Spyrjeskjema.

På årsmøtet i Noregs Ungdomslag i Stavanger 1937 vart det vedteke å beda lagi leggja fram for kvar lagslem eit skjema med spursmål um kva oppgåvor han er viljug til å taka på seg i året. Alle lagslemene skal fylla ut eit slikt skjema og senda det attende til styret. Frå desse skjemai hentar so styret programpostar til lagsmøti.

Dersom ikkje styret vedtek noko anna, skal skjemai vera komne inn att seinast 14 dagar etter at dei er utsende. Styret har å passa på at alle medlemene fyller ut skjemai.

1. Vil du halda foredrag eller kåseri?  
Gjev helst upp emne. ....
2. Vil du innleida til ordskifte?  
Kva emne? .....
3. Vil du vera med i studiering?  
Ynske um emne for ringen? .....
4. Vil du vera med i skodespel eller  
noko anna frå sena? .....
5. Vil du lesa upp, fortelja eller  
anna slikt på møte? Musikk?  
Song? .....
6. Vil du skriva i lagsbladet?  
b. Vil du vera bladstyrar for eitt  
eller fleire møte? .....
7. Vil du vera med i leikarring? .....
8. Vil du vera med i nemnder?  
b. Festnemnd? Programnemnd?  
c. Redaksjonsnemnd for bladet? .....
9. Vil du vera med på turar?  
a. Sykkeltur? Biltur? Skitur? .....
- b. Vil du vera med og vitja andre  
lag? .....
- c. Vil du vera med på lengere tur  
til våren? .....
- Kanskje til stemna i Noregs  
Ungdomslag? .....
10. Vil du vera med i gymnastikk el-  
ler idrott? Kva slag idrottsgrein? .....
11. Vil du vera med på praktiske  
kurs? Kva slag? .....
12. Vil du vera med på skogplanting? .....
13. Vil du vera med i arbeidet for  
ymse saker? Til dømes spreida  
god norsk lesnad? .....
14. Kva anna vil du gjera for laget?  
Pynta huset? .....
15. Er det noko du vil laget skal driva  
med som det no ikkje driv med? .....
16. Er det noko ved lagsmøti og fe-  
stane som du vil ha onnorleis?  
Nemn i so fall korleis du vil ha  
det og kva ein kann gjera for å  
få det slik. ....
17. Andre framlegg, ynske, merk-  
nader? .....

## Fyrretid, notid, framtid.

Det er ikkje so ofte me i B.ul. fær høve til å høyra stortalarane våre innan Noregs Ungdomslag, men ein og annan gongen svintar dei innum her.

For ikkje so lang tid sidan var ein av deim i B.ul. og heldt eit korter langt fyredrag um ovannemnde emne.

Eg hev tenkt mykje på den talen seinare, og di meir eg tenkjer di klårare vert det for meg at slik tale er ein fåre for oss unge idag. Dersom nokon vilde segja det var gammal-mannstankar, sa talaren, so vilde han segja det var gode tankar.

Ja lat gå at gamle folk kan gjeva seg stunder til å tenkja på det vis, men ein mann i sin beste alder skulde ikkje sveva ungdomen med slike tankar.

No vil ikkje eg gjera Noregs Ul. ansvarleg for dette fyredrag, det må vel stå for talaren si eigi rekning. Men ser ein på Noregs Ul. idag, skulde ein tru dei vanta både førarar og større saker no for tidi. Um ein ikkje går lenger attende enn ein ti-tolv år, då var det noko heilt anna.

Det kann vera vel og bra nok med husflit og skogsak, men det vert for mykje materialisme. Fyrr var det mykje strid vil mange segja. Javisst var det strid, men nemn meg ei sak som det er noko med, som ikkje har ført strid med seg?

Og her trur eg me har største årsaki til all likesæla. Dei styrande freistar å koma burt frå alle spursmål som kann vekkja strid. Berre for

å taka eit døme: Forsvaret. Kvar står Noregs Ul. i det spursmålet? Ja svar den som kan, eg veit det ikkje.

Me lyt få førarar som ikkje er so bundne, dei må kunna stå meir fritt i dagsens strid.

Det gjeld vel enno det gamle ord: Sovande mann vinn ingen siger.

O. N.

\*

Spursmålet um store saker og førarar for ungdomen har vel sakte vore framme i ordskiftet rett som det er. Det kann nok sjå ut til at dei store førarane er teljande. Men skal tru um det er so ille likevel? Det skulde ikkje undra oss um det går vel so store førarar millom oss no som det har gjort fyrr i tida. Skilnaden er berre den at den store hopen er so mykje meir vaken enn han var i den tidsbolken O. N. meiner. Det er difor berre naturleg at dei «store» ikkje ruver slik upp.

Me vil likevel gjerne det skal verta eit ordskifte her i bladet kring dette emnet. Kvess pennane, godtfolk, og kom med meininga Dykkar.

*Bladst.*

## Rogaland mållag.

Til umframt årsmøte i Rogaland mållag millom jol og nyår vart desse lagsfolka våre valde til utsendingar:

Klaus Sletten, Otto Hiim, Edv. Ledål, Korn. Meland, O. A. Vestbø, Johs. Hatteland, Fru Risvoll, Birgit Vik, Tora Hatteland.

# Festar.

Det vert ikkje minder enn tri festar i slutten av dette året: Fyrst joletefest for vaksne søndag 19 desember kl. 20. Det var upphavleg tanken å halda joletefest for born same dagen. Men det høvde ikkje retteleg med programmet åt barnelaget. So no er festen for born fastsett til onsdag millomjol og nyår — altso 29 desember, kl. 5 um ettermiddagen.

På joletefesten for born er det tilgjenge for *alle*, same kor store eller kor små dei er. Sjølv sagt lyt dei som er *for* små ha fylgje med vaksne. Me gjer merksam på dette avdi sume kann henda har levd i den tru at det berre var medlemene i

barnelaget vårt som hadde tilgjenge til festen. Men det er, som nemnt, for alle.

Inngangspengane er kr. 0,50 både for born og vaksne.

Lagsfolk! Lat borna Dykkar gå på denne joletefesten! Og lat dei få andre med seg. Det vert mykje gildt. Millom anna skal det først fram eit eventyrspel, so me spår høg stemning.

Etter gamal tradisjon vert det fest nyårsaftan og. Nemnda lovar på ein fest av grummaste slaget, med 3-4 manns orkester, leik og anna, flott bord og sjølv sagt tidtrøyte av ymse slag med «Bondeguten» som «siftigt» innslett.

Bondeungdomslaget blir rette staden for alle lagsfolk nyårsnatta!

## Saklista for november-desember-januar:

- 4 november: Foredrag av cand. phil. Arne Juell Skjelsøe: Estnisk bondereising, med ljusbilete. Kaffi, leik, lagssak.
- 11 november: Foredrag av Ingvar Tveit: Ei ferd til Kanada, med ljusbilete. Bondeguten ved Olav Levik, musikk.
- 18 november: Foredrag av dr. Einar Pettersen: Borgarkrigen i Spania, med ljusbilete. Song av songarlaget.
- 21 november: Spelframsyning.
- 25 november: Foredrag av redaktør Klaus Sletten: Arbeidstenest. Bondeguten ved Otto Hiim.
- 28 november: Ope møte: Tale, Spellaget, Songarlaget, Leikarringen, Bondeguten ved Bergit Vik. Leik i salen. Inngangspengar kr. 0,50.
- 2 desember: Leikemøte, kaffi. Inngangspengar kr. 0,50.
- 9 desember: Møte på Stavanger Museum. Bondeguten.
- 16 desember: Foredrag. Song av Songarlaget.
- 19 desember: *Joletefest.*
- 29 desember: *Joletefest for born.*
- 31 desember: *Nyårsfest.* — Nemnd: Bj. Hovden, Einar Kvasheim, Oskar Borsheim, Halvar Roalkvam, Tila Gudmundson, Olaug Våge, Borgny Hatleskog, Ågot Hansson, Ragnhild Aarhus og Johanne Johannessen.
- Januar 6: Foredrag med ljusbilete av Grønlandsfararen *Rasmussen* (1 år på Grønland).
- Januar 13: Foredrag um *Vinje* av kand. teol. Haukås. Bondeguten ved Peder Særheim. Solosong.
- Januar 20: Ryfylkekveld.
- Januar 27: *Årsmøte.*

---

Utgeve av Bondeungdomslaget, Stavanger. Bladstyar Johs. Hatteland.



**SOMA**  
ved Filmteatret

Forlovelsesringer

Billigste priser!  
Største utvalg

*Frukt  
Tobakk  
Cigarar*

Alltid gode varor

**OLAV HAMRE**

Telefon 3440

Nytorget 5

**Kåpe- og Kjolesøm**

utføres

**Nelly Husebø**

Telefon 4232

Økonoms gård  
Klubgaten 4

**Kjøp BØKER  
OG  
PAPIR**

i NYGATEN 2  
øverste hjørnehus

**K. OPSANGER**

BOKHANDEL — PAPIRFORRETNING

**ANDVAKE** Det går framleies godt og jamt framover med Andvake. Målfolket i Rogaland som andre stader i landet, bør difor samla seg um Andvake når det gjeld alle former for livstrygding.

*Umbodsmenn i Stavanger:*

lærer Magnus Vaage, Wesselsgt. 32  
skuleinspektør Øystein Eskeland  
frk. Gunhild Bjerkreim, Suldalsgt. 12  
kontormann L. Torgersen, Kampensgt. 4  
gartnar Sverre Steinsvoll, Paradis 76  
forretningsfører Ingvaldstad, Brønngt. 28

*Det er venteleg tenleg for Dykk å høyra med ein av dei fyrr De tek avgjerd um livstrygding.*

**Matstova**

Øvre Holmegt. 20

*Middag frå kl. 12-16*

**Kaffistova**

Østervåg 25

*Middag frå kl. 12-16*

**Kaffistova**

Torget 6

**Mostun**

ved Mosvatnet

**Bondeungdomslaget.**

## Lagsfolk!

Hjå meg finn De eit flott  
utval i

## Ull-kjolety

til gamle prisar.

**EINAR NORDAKER A/S**  
BREIDGATA 19

## Stavanger Colonialforretning

har byens beste  
brendte kaffe

## VAALAND DAMPBAKERI

(G. Sønneland)

Musegaten 46 — Telefon 1810f


Utsalg:

Skolegaten 17 — Telefon 3520

## A. Mauland A/S

Klostergården - Telef. 2645

*Elektrisk Forretning*  
*Radioapparater*



Engelsmindegaten 15 - Telefon 3119

Lars Bø

E l e k t r i s k  
installasjonsforretning

## A. I D S Ø E

Telefon . . 102 - 458

Rikstelefon 3020 - 3089

Etablert 1828

*Kjøtt- og Pølseforretning*

## Belysningskunst



Spør etter teikningar  
og yverslag.


**A. Edvardsen Selvik**  
Cicelør - Verkstad Hetlandsgt. 45

## BRYNE

## JONAS JØRSTAD

BOKHANDEL

*All nyare litteratur  
på lager.*



„SVITHUN“ er den beste sykkel  
Avbetaling nrømmes

**MASKINHUSET A.S**  
Bredgaten 9 STAVANGER

Største utvalg i  
Spaser-, Sports-  
og Arbeids . . .

**Skotøi**

Dame, herre og barn i alle prislager.

Landets beste fabrikker

Yderst lave priser

Best - billigst.

En detail - en gros

**O. THORSNÆS**

KIRKEGATEN 42

STAVANGER  
TELEFON 3690

**J. ØSTEBØ**

STAVANGER

Verksgt. 2 - Telefon 1873

Parafin hengellampor  
Elektriske ljosekronor  
Steinty - Postelin - Glasvaror

En gros - En detail

Ingi gáva

pryder

som blomar frå

Blomsterhallen

ALT I

**HEILNORSK GARN**

Rogalandsgarn	Norgesgarn
Tvinggarn	Plantef. garn
Glitregarn	Slumregarn
Gretegarn	

**ROGALANDS ULLVARELAG**  
BREDGATA 16

**Ingeleiv Eikeland**

**Syforretning**

Kyrkjegt. 18 - Telefon 3594

Kjole- og kåpesaum

Godt arbeid!  
Rimelege prisar og  
alt i nyaste snitt.

**Godt drikka!**

Løna med fleire medaljor



Hjå meg kann De få kjøpa

BRUS ● SELTERS ● FARRIS  
SØT OG SUR SAFT ● EPLESAFT  
VYRTERØL ● IDUN EDDIK OG SENEP

**GUNNAR LØVIK**

Kongsgata 36 - Telefonar 727k, 228



**Garantien for  
god margarin!**



**1/3 MARGARINCENTRALEN**